



Åge Veland  
Sandvikavegen 100  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/15293 - 20/62008

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
01.10.2020

## Registrert avvik i septiktank - gbnr 203/29 Fyllingen

**Tiltak:** Utbetring septiktank  
**Byggjestad:** Gbnr: 203/29  
**Tiltakshavar:** Åge Veland

Alver kommune har 09.09.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 07.09.2020 vart registrert lekkasje i veggane i septiktanken på eigedommen din, med adresse Sandvikvegen 100, 5915 Hjelmås. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke. Ved tømning i 2018 vart det rapportert om at det var lågt nivå i tanken. Tilstanden er ikkje utbetra.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

### **Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 01.12.2020.**

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tanken, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

**Aktuelt regelverk:**

- Plikt til å unngå forureining følger av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

**Mottakarar:**  
Åge Veland

Sandvikavegen 100

5915

HJELMÅS